

Kvinnherad

Prognosar for folketalet, 2012-2040

August 2011

AUD-rapport nr. 4.5-11



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) http://www.hordaland.no/aud
Tittel:	"Kvinnherad – Prognosar for folketalet, 2012-2030"
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 4.5-11 http://www.hordaland.no/aud-rapportar
Dato:	12. august 2011
Forfattar:	Stian Skår Ludvigsen, PhD
Tlf:	55 23 92 79
E-post:	stian-skar.ludvigsen@post.hfk.no

Innhald

Innleiing/samandrag	4
Metode	5
Ølve-Hatlestranda	6
Varaldsøy	8
Årvik-Mauranger-Ænes	10
Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen	11
Uskedalen-Herøysund	13
Husnes-Sunde-Valen	14
Sandvoll-Holmedal	16
Matre-Baugstranda-Åkra.....	18
Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy.....	19
Kommunen i sin heilskap: test av prognosane.....	21

Figurar

Figur 1: Venta folkevekst i Kvinnherad kommune	5
Figur 2: Regresjonsbasert framskriving av Ølve-Hatlestranda sin del av	7
Figur 3: Prognosar for folketalet i Ølve-Hatlestranda, 2012-2040	7
Figur 4: Regresjonsbasert framskriving av Varaldsøy sin del av folketalet i Kvinnherad	9
Figur 5: Prognosar for folketalet i Varaldsøy, 2012-2040	9
Figur 6: Regresjonsbasert framskriving av Årvik-Mauranger-Ænes sin del av folketalet.....	10
Figur 7: Prognosar for folketalet i Årvik-Mauranger-Ænes, 2012-2040	10
Figur 8: Regresjonsbasert framskriving av Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen sin del av folketalet.....	12
Figur 9: Prognosar for folketalet i Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen, 2012-2040	12
Figur 10: Regresjonsbasert framskriving av Uskedalen-Herøysund sin del av folketalet i Kvinnherad	13
Figur 11: Prognosar for folketalet i Uskedalen-Herøysund, 2012-2040.....	14
Figur 12: Regresjonsbasert framskriving av Husnes-Sunde-Valen sin del av folketalet i.....	15
Figur 13: Prognosar for folketalet i Husnes-Sunde-Valen, 2012-2040	15
Figur 14: Regresjonsbasert framskriving av Sandvoll-Holmedal sin del av folketalet.....	17
Figur 15: Prognosar for folketalet i Sandvoll-Holmedal, 2012-2040	17
Figur 16: Regresjonsbasert framskriving av Matre-Baugstranda-Åkra sin del av folketalet.....	18
Figur 17: Prognosar for folketalet i Matre-Baugstranda-Åkra, 2012-2040	18
Figur 18: Regresjonsbasert framskriving av Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy sin del av folketalet	20
Figur 19: Prognosar for folketalet på Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy , 2012-2040	20
Figur 20: Fordeling av venta folketalsutvikling, 2012-2040	22

Tabellar

Tabell 1: Grunnkrinsane i delområde Ølve-Hatlestranda med folketal i 2001, 2006 og 2011.....	8
Tabell 2: Grunnkrinsane i delområde Varaldsøy med folketal i 2001, 2006 og 2011	8
Tabell 3: Grunnkrinsane i Årvik-Mauranger-Ænes med folketal i 2001, 2006 og 2011	11
Tabell 4: Grunnkrinsane i delområde Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen i 2001, 2006 og 2011	11
Tabell 5: Grunnkrinsane i delområde Uskedalen-Herøysund med folketal i 2001, 2006 og 2011	14
Tabell 6: Grunnkrinsane i delområde Husnes-Sunde-Valen med folketal i 2001, 2006 og 2011.....	16
Tabell 7: Sandvoll-Holmedal grunnkrins med folketal i 2001, 2006 og 2011.....	16
Tabell 8: Grunnkrinsane i Matre-Baugstranda-Åkra med folketal i 2001, 2006 og 2011	19
Tabell 9: Grunnkrinsane i Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy med folketal i 2001, 2006 og 2011.....	19
Tabell 10: Fordeling av folketalet i dei ni områda i Kvinnherad, 2012-2040	21

Innleiing/samandrag

SSB har folketalsframskrivingar for alle kommunane i Noreg, men ikkje for lågare nivå. Regionalavdelinga i Hordaland fylkeskommune, ved stabseining for *analyse, utgreiing og dokumentasjon* (AUD), har utarbeidd ein metode for å lage folketalsframskrivingar for lågare nivå enn dei inndelingane SSB gir prognosar for, og denne rapporten viser våre prognosar for grupper av grunnkrinsar i Kvinnherad.¹

Metoden baserer seg på ein føresetnad om at folketalet i dei einskilde delane av Kvinnherad vil utvikle seg etter same mønster som den historiske utviklinga. Vi har ingen garanti for at historia vil gjenta seg, men vi ser dette som ein god metode for å få informasjon om korleis ein kan vente seg at kommunen vil utvikle seg dersom dei let utviklinga gå som den har gjort dei siste åra.

For å redusere usikkerheita rundt prognosane, har vi berre laga prognosar for grupper av grunnkrinsar, ikkje for einskilde grunnkrinsar. Den historiske perioden som ligg til grunn for dei fleste prognosane, er 1999 til 2011 (13 år). Grunnkrinsdata er henta frå SSB Statistikkbanken,² og inndelingane av grunnkrinsar er gjort etter SSB sin delområdeinndeling frå 1.1.2010.³

Kvinnherad er delt inn i ni delområde: Ølve-Hatlestranda, Årvik-Mauranger-Ænes, Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen, Uskedalen-Herøysund, Husnes-Sunde-Valen, Sandvoll-Holmedal, Matre-Baugstranda-Åkra og Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy.⁴ Om folketalsutviklinga følgjer det historiske mønsteret og folkeveksten for Kvinnherad i sin heilskap kjem til å følgje SSB sin middelpgnose (frå juni 2011), vil folketalet på Ølve-Hatlestranda gå ned til 810 innbyggjarar fram mot 2040, Varaldsøy vil gå ned til 224, Årvik-Mauranger-Ænes vil auke til 339, Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen vil auke til 2 419, Uskedalen-Herøysund vil auke til 2 095, Husnes-Sunde-Valen vil auke til 6 453, Sandvoll-Holmedal vil gå ned til 564, Matre-Baugstranda-Åkra vil auke til 343, og Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy vil gå ned til 1 876. Kvinnherad i sin heilskap vil vekse med 12 % til 14 796 innbyggjarar i 2040 om SSB får rett i sin middelpgnose.⁵

Prognosane er *ikkje* deterministiske: om Kvinnherad herad let utviklinga i områda følgje same mønster som dei siste åra, vil ein mest sannsynleg sjå ei framtidig utvikling lik prognosane våre, men om kommunen vil, kan den truleg styre mykje av balansen mellom områda via styrt næringsutvikling og bustadbygging. Prognosane er baserte på historisk utvikling. Vi har ikkje teke omsyn til kva konkrete framtidsplanar Kvinnherad herad har for dei einskilde områda.

Denne rapporten er delt i 11 delar i tillegg til innleiinga: først ein methodedel der vi forklarar korleis vi har gått fram, deretter ein del for kvart område, og til sist ein del der vi oppsummerar vår "beste gjetting" og testar om prognosane i sum samsvarer med dei forventningar vi har for kommunen i sin heilskap.

¹ Rapporten er del i ei rekke rapportar frå AUD, under nummeret 4.x-11. Dette er rapport nr. 4.5-11, tidlegare rapportar er laga for Kvam (nr. 4.1-11 og 4.2-11), Vaksdal (nr. 4.3-11) og Ullensvang (nr. 4.4-11).

² Reprodusert i <http://statistikk.igest.no>

³ Henta frå <http://www3.ssb.no/stabas/ItemsFrames.asp?ID=6882001&Language=nb>

⁴ Grunnkrinskart finns under temadata "beredskap" på <http://kart.igest.no>

⁵ Oppmerksame lesarar vil sjå at dette talet er lågare enn summen av delområda. Dette blir handtert i rapporten.


Metode⁶

Prognosane for folketalet i dei einiskilde områda i Kvinnherad er laga i ei trestegs prosedyre: **1)** først er det kjørt regresjonsanalysar av dei historiske folketal~~sd~~elane til dei einiskilde områda,⁷ **2)** deretter er resultatet av regresjonane strekt framover i tid soleis at vi får ei framskriving av folketal~~sd~~elane, **3)** til sist er dei framskrive folketal~~sd~~elane multiplisert med folketal~~sd~~framskrivingar for *heile* kommunen.

Når vi lagar framskrivingar av prosentdelar, har vi fasit for summen av desse, fordi summen av prosentdelane *må* utgjere 100 %. Vi kan altså ikkje lage framskrivingar som i sum avvik frå 100 %, og vår måte å gjere dette på sikrar at vi får eit resultat som står i forhold til folketalet i resten av kommunen, mens det ikkje finns fasit for summen av regresjonar av folketalet i dei einiskilde områda. Slike regresjonar ville gitt enkeltresultat som ikkje stod i relasjon til folketalet i resten av kommunen.

Regresjonen i **steg 1** er basert på at endring i *tid* forklarar historisk endring i folketal~~sd~~el. Når vi så i **steg 2** strekker regresjonslinja fram i tid, brukar vi med andre ord historia til å forsøke å seie noko om framtida.

Føresetnaden for denne framskrivinga er at folketal~~sd~~elen vil utvikle seg *likt* med det historiske mønsteret. *Usikkerheita* rundt dette mønsteret er berekna ved eit *prediksjonsintervall*, som seier at vi med 95 % sikkerheit kan vente oss verdiar innanfor dette intervallet *gitt* at føresetnaden held. Vi har likevel ingen garantiar for at føresetnaden om at utviklinga vil fortsette likt med det historiske mønsteret, vil halde. Det er vår *beste gjetting*, men ingen garanti.



Figur 1: Venta folkevekst i Kvinnherad kommune

Note: Figuren viser tre alternativ av SSB sin folketal~~sd~~framskriving for Kvinnherad frå juni 2011.
Kjelde: SSB Statistikkbanken (<http://www.ssb.no/folkfram>, reproduisert i <http://statistikk.ivist.no>).

⁶ Dei som er interesserte i dei tekniske detaljane i metoden kan kontakte forfattaren (sjå side 2).

⁷ Vi har ikkje laga prognosar for den del av befolkninga som er registrert med uoppgeve bustad.

Den folketalsdelen som vi så har kome fram til, er nytta i **steg 3** til å rekne ut kva folketalet i dei ein-skilde områda vil vere under tre nye føresetnader: om folkeveksten i Kvinnherad vil halde fram som SSB venter seg 1) i sitt høgvekstalternativ (HHMH) for Kvinnherad frå 2011, 2) i sin middelprognose (MMMM), og 3) i sitt lågvekstalternativ (LLML).⁸ I tillegg legg vi inn folketalet i forhold til prediksjonsintervallet for dei høge og låge alternativa.

Figur 1 viser venta folkevekst for heile Kvinnherad kommune i forhold til SSB sine tre alternativ.

Vi vil vidare presentere to figurar for kvart område. Den første figuren vil dekkje steg 1 og 2, og den andre figuren vil dekkje steg 3.

Til sist vil vi teste om prognosane står i forhold til kvarandre og summerer seg opp til eit tal som er i samsvar med dei forventingar vi har til folkeveksten i heile Kvinnherad, og gi detaljert statistikk for dette.

Ei svakheit ved denne metoden er at vi ignorerer informasjon om flytting, innvandring, fødsjar, aldring og dødsfall. Alt dette er slått saman i ein samla trend, som baserer seg på at folketalsutviklinga følgjer det historiske mønsteret. Vi har heller ikkje teke inn informasjon om planlagd bustadbygging eller næringsutvikling. Vi får dermed ikkje informasjon om dei ein-skilde bidraga til – og drivkreftene bak – folkeveksten. Vi kunne ha vore betre stilt om vi hadde laga separate framskrivingar av dei ein-skilde komponentane i folketalsutviklinga, sidan vi da hadde kunne vurdert informasjon kring venta flytting, fødsjar og dødsfall (til dømes tal innbyggjarar i flytteklar alder, tal kvinner i fruktbar alder, tal eldre), men vi har mykje av denne informasjonen på kommunenivå (SSB sine framskrivingar), og vi er nøgd med vår metode så lenge vi får prognosar for områda som i sum er lik prognosane for heile kommunen.

Ein fordel med vår metode er at vi reduserer talet på føresetnader som ligg til grunn for prognosane, mens ein meir detaljert prognose ville gitt oss langt fleire føresetnader å halde styr på. Det ville også ha vore meir ressurskrevjande å lage ein meir detaljert folketalsframskriving – som i sum ikkje vil vere noko meir presis enn vår prognose – og det vil krevje data frå SSB som ikkje er allment tilgjengeleg.


Ølve-Hatlestranda

Figur 2 viser ei framskriving av Ølve-Hatlestranda sin del av folketalet i Kvinnherad (steg 1 og 2 i metoden). Framskrivinga er basert på ein regresjon av folketalsdelen som ein lineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011. Folketalet i 2008 avvik frå det historiske mønsteret, og skuldast manglande registreringar. Dette året var det 152 innbyggjarar i Kvinnherad som ikkje var fordelt på grunnkrins.

Ølve-Hatlestranda har i dag 6,6 % av folketalet i Kvinnherad. Vår beste gjetting er at dette vil gå ned til 5,5 % innan 1. januar 2040. Prediksjonsintervallet rundt denne gjettinga gjer at vi – under føresetnad om at det historiske mønsteret held fram – med 95 % sikkerheit kan vente oss ein folketalsdel i Ølve-Hatlestranda mellom 5,1 og 5,9 %.


Ølve-Hatlestranda hadde 871 innbyggjarar 1. januar 2011. Om Kvinnherad får ein vekst som SSB ventar seg i sin middelprognose, og vi treff med vår beste gjetting, vil området ha 810 innbyggjarar 1. januar 2040 (figur 3). Om høgalternativet til SSB treff, vil området ha 936 innbyggjarar i 2040, og om

⁸ <http://www.ssb.no/folkfram>



Figur 2: Regresjonsbasert framskriving av Ølve-Hatlestranda sin del av folketallet i Kvinnherad

Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein loglineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011, unntateke 2008. Kontakt forfattar for matematiske og statistiske detaljar.



Figur 3: Prognosar for folketallet i Ølve-Hatlestranda, 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 2 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad: SSB sitt høgvekstalternativ for Kvinnherad frå 2011 (grøne prikkar), SSB sitt middelalternativ (raude prikkar), og SSB sitt lågvekstalternativ (gule prikkar). Øvre og nedre prediksjonsintervall er markert i grått, og er utrekna frå prediksjonsintervallet i figur 2 i forhold til dei høgaste og lågaste folkevekstalternativa. Jf. metodekapittelet. Sjå www.ssb.no/folkfram for meir informasjon om framskrivingsalternativa til SSB. Kontakt forfattar for andre detaljar.

lågalternativet treff vil området ha 720 innbyggjarar. Forskjellen mellom SSB sin middelprognose og høgalternativet er altså på 126 innbyggjarar, og forskjellen mellom middelprognosen og lågalternativet er på 90 innbyggjarar. Den historiske variasjonen gir grunn for ei viss usikkerheit rundt prognosane. Inkluderer vi prediksjonsintervallet får vi eit usikkerheitsspenn på 333 innbyggjarar om 29 år. Usikkerheita aukar med tida, og er ganske låg dei første åra.

Som vi ser av figur 3, ventar vi at Ølve-Hatlestranda vil få nedgang i folketalet sjølv med SSB sin middelprognose, og på sikt ei utflating av folketalet med SSB sitt høgalternativ.

Tabell 1: Grunnkrinsane i delområde Ølve-Hatlestranda med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240101 Hamarhaug	61	62	64
12240102 Husa	343	334	320
12240103 Tufta	84	65	73
12240104 Hjortås	151	134	125
12240105 Boland	232	230	245
12240106 Grønevik	52	48	44
Sum 12240100 Ølve-Hatlestranda	923	873	871

Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>

Varaldsøy

Tabell 2: Grunnkrinsane i delområde Varaldsøy med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240201 Øyarhamn	1	2	2
12240202 Åkre	56	44	39
12240203 Trå	206	194	193
Sum 12240200 Varaldsøy	263	240	234


Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>

Figur 4 viser ei framskriving av Varaldsøy sin del av folketalet i Kvinnherad (steg 1 og 2 i metoden). Merk at skalaen på den vertikale aksa er forskjellig frå skalaen i tilsvarende figur for Ølve-Hatlestranda, og at forma på regresjonslinja er annleis.


Varaldsøy har i dag 1,8 % av folketalet i Kvinnherad. Vår beste gjetting er at dette vil bli redusert med 0,3 prosentpoeng innan 2040 (til 1,5 %).

Varaldsøy hadde 234 innbyggjarar den 1. januar 2011. Om Kvinnherad veks som SSB ventar seg i sin middelprognose, vil Varaldsøy ha 224 innbyggjarar 1. januar 2040 (figur 5). Om folkeveksten i Kvinnherad følgjer høgalternativet, vil Varaldsøy ha 259 innbyggjarar i 2040, og om folkeveksten følgjer lågalternativet vil delområde Varaldsøy ha 199 innbyggjarar i 2040. Forskjellen mellom høgalternativet og dei to andre er likevel forskjellen mellom vekst og utflating/nedgang i folketalet, men vi ventar oss ikkje at Varaldsøy vil kome opp att i det folketalet dei hadde for 10-13 år sidan, sjølv om vi får høg vekst i Noreg.



Figur 4: Regresjonsbasert framskriving av Varaldsøy sin del av folketallet i Kvinnherad


Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein loglineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 5: Prognosar for folketallet i delområde Varaldsøy, 2012-2040


Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 4 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Årvik-Mauranger-Ænes



Figur 6: Regresjonsbasert framskriving av Årvik-Mauranger-Ænes sin del av folketallet i Kvinnherad

Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein lineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 7: Prognosar for folketallet i Årvik-Mauranger-Ænes, 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 6 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Årvik-Mauranger-Ænes har i dag 279 innbyggjarar (2,1 % av folketalet). Vår beste gjetting er at folketalsdelen vil gå litt opp, til 2,3 % i 2040, men dette er sær usikkert (figur 6). Den historiske variasjonen gir ikkje noko grunnlag for å seie kva retning folketalsdelen til Årvik-Mauranger-Ænes vil ta, anna enn at den vil vere ein stad mellom 1,7 og 2,8 %.

Om SSB får rett i si middelframskrivning og folketalsdelen held seg omtrent flat (som er vår beste gjetting), vil folketalet i Årvik-Mauranger-Ænes i 2040 vere på 339 innbyggjarar (figur 7). Om Kvinnherad får del i høg nasjonal vekst, vil Årvik-Mauranger-Ænes ha 391 innbyggjarar i 2040, og om det blir låg nasjonal vekst, vil Årvik-Mauranger-Ænes ha 301 innbyggjarar om 29 år. Prediksjonsintervallet (frå nedre intervall rundt lågalternativet til øvre intervall rundt høgalternativet) i 2040 strekk seg frå 229 til 485 innbyggjarar.

Vi har gjort ei justering av prognosen *før* 2040 ved omrekning frå folketalsdeler til folketal: folketalsdelen i 2011 fell eit stykke under regresjonslinja i figur 6, så regresjonslinja – i lag med prediksjonsintervallet – er flytta ned i 2012 for å få ei linje som tar utgangspunkt i faktiske heller enn teoretiske forhold. Folketalsdelen i 2040 er halde konstant, og resten av linja er justert i forhold til desse to åra. Dette er gjort for å unngå at vi får eit urealistisk byks i venta folketal dei neste åra i figur 7.

Tabell 3: Grunnkrinsane i Årvik-Mauranger-Ænes med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240301 Årvik	24	29	26
12240302 Årsand	25	23	16
12240303 Gjetingsdalen	17	17	15
12240304 Nordrepollen	25	29	27
12240305 Austrepollen	28	26	23
12240306 Sundal	59	73	67
12240307 Ænes	103	117	105
Sum 12240300 Årvik-Mauranger-Ænes	281	314	279

Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>


Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen

Tabell 4: Grunnkrinsane i delområde Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240401 Lyngstrand	40	35	42
12240402 Løfallstrand	183	168	139
12240403 Nes	340	328	316
12240404 Skåla	369	380	389
12240405 Hatteberg	95	84	83
12240406 Malmanger	284	280	305
12240407 Skeie	45	42	42
12240408 Seimsfoss	338	329	307
12240409 Lundsnes	139	168	178
12240410 Dimmelsvik	390	390	400
12240411 Omvikdalen	172	164	148
12240412 Sniilstveitøy	20	18	15
Sum 12240400 Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen	2 415	2 386	2 364


Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>



Figur 8: Regresjonsbasert framskriving av Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen sin del av folketallet i Kvinnherad

Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein lineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 9: Prognosar for folketallet i Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen, 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av ei justering av den folketalssdelen som er vår "beste gjetting" i figur 8 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.


Lyngstrand-Rosendal-Omvikdalen hadde 1. januar 2011 ein folketalsdel på 17,9 % og 2 364 innbyggjarar. Vi ventar oss ein folketalsdel på 16,3 % i 2040, innafør eit intervall mellom 15,9 og 16,8 %.

På grunn av den klare historiske utviklinga, får vi eit relativt lite intervall rundt framskrivinga vår. Det gjer at det får meir å seie kva nasjonal vekst vi får, enn kvar vi treff innafør intervallet. Ifølgje middelalternativet til SSB kan vi vente oss 2 419 innbyggjarar i 2040, ifølgje lågalternativet 2 150 innbyggjarar, og ifølgje høgalternativet 2 795 innbyggjarar.

Uskedalen-Herøysund


I delområde Uskedalen-Herøysund var det i 1999 fleire grunnkrinsar med underregistrering av innbyggjarar. Det året var det heile 327 innbyggjarar som ikkje var registrert på nokon grunnkrins, og det er spesielt i delområde Uskedalen-Herøysund at det er store avvik mellom folketalet i 1999 og i 2000. Vi har derfor ikkje 1999 med i regresjonsbasen for dette delområdet.

Uskedalen-Herøysund har i dag 1 657 innbyggjarar og 12,5 % av folketalet i Kvinnherad. Vår beste gjetting er at dette vil auke til 14,2 % innan 2040 (figur 10). Prediksjonsintervallet er relativt lite, med eit spenn frå 13,5 til 14,8 %, og igjen ser vi at det har meir å seie kva framskriving til SSB som treff enn kva folketalsdel vi treff innanfor prediksjonsintervallet. I innbyggjartal ventar vi oss 2 095 innbyggjarar i 2040 om SSB får rett i sin middelprognose, 2 421 om kommunen får del i høg nasjonal vekst, og 1 862 om det blir låg nasjonal vekst (figur 11).



Figur 10: Regresjonsbasert framskriving av Uskedalen-Herøysund sin del av folketalet i Kvinnherad

Note: Framskrivninga er basert på ein regresjon av området sin del av folketalet som ein lineær funksjon av tid for perioden 2000 til 2011.



Figur 11: Prognoser for folketallet i Uskedalen-Herøysund, 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 10 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Tabell 5: Grunnkrinsane i delområde Uskedalen-Herøysund med folketal i 2001, 2006 og 2011


	2001	2006	2011
12240501 Korsnes	270	273	276
12240502 Dønhaug	360	407	440
12240503 Uskedalen	131	148	148
12240504 Eik	186	160	159
12240505 Skorpo	14	16	5
12240506 Berge	68	65	65
12240507 Bringedal	429	406	432
12240508 Helvik	122	122	132
Sum 12240500 Uskedalen-Herøysund	1 580	1 597	1 657

Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.ivist.no>


Husnes-Sunde-Valen

Om det historiske mønsteret held seg, vil Husnes-Sunde-Valen vekse kraftig. Delområdet har hatt ein klar utvikling i folketalsdelen sidan 1999 (figur 12) som gjer at vår modell seier at delområdet vil vekse frå 37 % av folketallet i dag til 43,6 % av folketallet i 2040. Med utgangspunkt i SSB sin middelprognose, er det da vår beste gjetting at folketallet i Husnes-Sunde-Valen vil auke frå 4 898 i 2011 til 6 453 i 2040. Får vi låg nasjonal vekst, ventar vi at delområdet vil ha 5 736 innbyggjarar i 2040, og får vi høg nasjonal vekst, ventar vi at Husnes-Sunde-Valen vil ha 7 457 innbyggjarar. Dette er nok, som vi vil forklare nærmare i siste del av denne rapporten, litt for høgt. Det vil vere meir realistisk å vente seg ein folketalsdel i 2040 så vidt i underkant av det nedre prediksjonsintervallet (42,2 %), om kommunen (og tomteutbyggjarar) i det heile legg til rette for slik vekst.



Figur 12: Regresjonsbasert framskriving av Husnes-Sunde-Valen sin del av folketallet i Kvinnherad

Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein lineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 13: Prognosar for folketallet i Husnes-Sunde-Valen, 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 12 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Tabell 6: Grunnkrinsane i delområde Husnes-Sunde-Valen med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240601 Longgot	59	63	55
12240602 Helland	134	123	122
12240603 Bogsnes	103	96	117
12240604 Troåslia	480	496	498
12240605 Tørreshaugen	406	407	363
12240606 Kaldanes	243	225	226
12240607 Røssland øvre	722	768	809
12240608 Røssland nedre	174	164	175
12240609 Kaldestad	116	117	127
12240610 Røyrvik	142	129	115
12240611 Bjelland	293	282	293
12240612 Sunde	326	328	309
12240613 Sundshaugane	259	267	433
12240614 Opsanger	168	163	152
12240615 Porsvik	187	184	175
12240616 Teigen	125	124	135
12240617 Eikeland	367	365	423
12240618 Valen	316	334	328
12240619 Handeland	41	46	43
Sum 12240600 Husnes-Sunde-Valen	4 661	4 681	4 898

Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>

Sandvoll-Holmedal

Det er vår beste gjetting at Sandvoll-Holmedal vil få ein liten nedgang i folketalet sjølv om SSB får rett i sitt middelalternativ (med vekst i kommunen under eitt). Sandvoll-Holmedal har i dag 4,5 % av folketalet i Kvinnherad, og vi ventar at dette vil gå ned til 3,8 % innan 2040. Prediksjonsintervallet går frå 3,4 til 4,3 % (figur 14).


Omrekna til folketal vil folketalet gå ned frå 595 i dag til 564 i 2040 om SSB får rett i sin middelprognose (og framtidig utvikling følgjer det historiske mønsteret), 501 om det blir låg nasjonal vekst, og auke til 652 om det blir høg nasjonal vekst (figur 15). Inkludert prediksjonsintervallet får vi eit spenn mellom 441 og 731 innbyggjarar i 2040.

Tabell 7: Grunnkrinsane i Sandvoll-Holmedal med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240701 Skarveland	425	423	406
12240702 Holmedal	204	202	189
Sum 12240700 Sandvoll-Holmedal	629	625	595


Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>



Figur 14: Regresjonsbasert framskriving av Sandvoll-Holmedal sin del av folketallet i Kvinnherad


Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein lineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 15: Prognosar for folketallet i Sandvoll-Holmedal, 2012-2040


Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketaletdelen som er vår "beste gjetting" i figur 14 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Matre-Baugstranda-Åkra



Figur 16: Regresjonsbasert framskriving av Matre-Baugstranda-Åkra sin del av folketallet i Kvinnherad

Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein loglineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 17: Prognosar for folketallet i Matre-Baugstranda-Åkra, 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 16 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Matre-Baugstranda-Åkra hadde i 2011 317 innbyggjarar og 2,4 % av folketalet i Kvinnherad. I 2040 ventar vi oss at folketalssdelen vil vere 2,3 %, innafor eit intervall mellom 2,2 og 2,5 % (figur 16). Omrekna til folketal, ventar vi oss 343 innbyggjarar ved SSB sin middelpnognose, 305 ved SSB sitt lågalternativ, og 396 ved SSB sitt høgalternativ (figur 17). Prediksjonsintervallet gir Matre-Baugstranda-Åkra eit folketal mellom 286 og 422 innbyggjarar i 2040.

Tabell 8: Grunnkrinsane i Matre-Baugstranda-Åkra med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240801 Indre Matre	48	37	38
12240802 Ytre Matre	39	40	40
12240803 Baugstranda	53	49	46
12240804 Åkra	189	186	193
12240805 Blådalsområdet	0	0	0
Sum 12240800 Matre-Baugstranda-Åkra	329	312	317

Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>

Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy

Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy hadde 1. januar 2011 2 021 innbyggjarar og ein folketalssdel på 15,3 %. På grunn av ein ganske klar historiske utvikling ventar vi oss at denne skal heilt ned til 12,7 % i 2040, innafor eit intervall mellom 12 og 13,4 %.


Dette intervallet er markant lågare enn i dag, og reknar vi om til folketal kan vi sjølv ved middelalternativet til SSB vente oss ein nedgang i folketalet: 1 876 innbyggjarar i 2040. Ved lågalternativet kan vi vente oss 1 668 innbyggjarar, og ved høgalternativet 2 168 innbyggjarar.

Tabell 9: Grunnkrinsane i Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy med folketal i 2001, 2006 og 2011

	2001	2006	2011
12240901 Halsnøy kloster	105	94	100
12240902 Sætre	322	339	395
12240903 Eide	256	265	240
12240904 Sæbøvik	368	323	300
12240905 Toftevåg	189	176	165
12240906 Landa	244	227	259
12240907 Langanes	249	230	211
12240908 Hauge	125	124	117
12240909 Sjøvangen	44	42	36
12240910 Fatland	91	98	88
12240911 Fjelbergøy	19	18	20
12240912 Borgundøy	105	97	90
Sum 12240900 Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy	2117	2033	2021


Note: Folketal per 1. januar.

Kjelde: <http://statistikk.igest.no>



Figur 18: Regresjonsbasert framskriving av Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy sin del av folketallet i Kvinnherad

Note: Framskrivinga er basert på ein regresjon av området sin del av folketallet som ein lineær funksjon av tid for perioden 1999 til 2011.



Figur 19: Prognosar for folketallet på Halsnøy-Fjelbergøy-Borgundøy , 2012-2040

Note: Prognosane er rekna ut på bakgrunn av den folketalsdelen som er vår "beste gjetting" i figur 18 og tre ulike alternativ for folkevekst i Kvinnherad. Jf. note under figur 3.

Kommunen i sin heilskap: test av prognosane

Fordi folketalsdelane i sum skal utgjere 100 %, er ein viktig test av prognosane å sjå kor nære 100 % vi kjem når vi summerer opp våre beste gjettingar frå figur 2, 4, 6, 8, 10, 12, 14, 16 og 18. Våre beste gjettingar for kvart område viser seg å vere ei litt for høg gjetting for heile kommunen, da summen av desse i 2040 er 102,2 %. Vi har altså ein "overprediksjon" på 2,2 prosentpoeng, som i tal vil utgjere heile 327 innbyggjarar i forhold til SSB sin middelpgnose. Vi kan truleg trekkje denne overprediksjonen frå innbyggjartalet i Husnes-Sunde-Valen, fordi det er rekna inn ein bratt lineær vekst i dette området. Når vi opererer med folketalsdelar har vi eit absolutt tak på kor høg del vi kan ha i eit område, og vi kan vente oss at veksten buttar imot taket når vi kjem høgt opp. Realistisk sett vil nok veksten i Husnes-Sunde-Valen vere loglineær, men vi har ikkje nokon grunn til å berekne ein loglineær funksjon av tid med dei data vi har. Trekk vi dei 2,2 prosentpoenga frå vår beste gjetting for Husnes-Sunde-Valen i 2040, kjem vi rett under det nedre prediksjonsintervallet for delområdet.

Tabell 10: Fordeling av folketalet i dei ni områda i Kvinnherad, 2012-2040, i forhold til vår beste gjetting og SSB MMMM


	Ølve- Hallestranda	Varaldsøy	Årvik- Mauranger- Ænes	Lyngstrand- Rosendal- Omvikdalen	Uskedalen- Herøysund	Husnes- Sunde- Valen	Sandvoll- Holmedal	Matre- Baugstranda- Akra	Halsnøy- Fjelbergøy- Borgundøy	Sum av prognosane	Avvik frå SSB MMMM	
											Tal	%
2011	871*	234*	279*	2 364*	1 657*	4 898*	595*	317*	2 021*	13 243*		
2012	866	229	280	2 370	1 672	4 964	601	318	2 007	13 307	4	0,03
2013	867	229	283	2 377	1 690	5 024	601	320	2 007	13 398	15	0,11
2014	867	229	286	2 385	1 707	5 084	601	321	2 008	13 488	24	0,18
2015	867	228	288	2 392	1 726	5 146	602	322	2 009	13 580	34	0,25
2016	867	228	291	2 398	1 743	5 205	602	324	2 008	13 666	46	0,34
2017	867	228	293	2 405	1 761	5 267	602	325	2 008	13 756	53	0,39
2018	867	228	296	2 413	1 780	5 332	602	327	2 009	13 854	64	0,46
2019	867	228	299	2 420	1 798	5 393	602	328	2 009	13 944	76	0,55
2020	868	228	301	2 428	1 818	5 460	603	330	2 010	14 046	87	0,62
2021	867	228	304	2 433	1 835	5 519	602	331	2 008	14 127	97	0,69
2022	866	229	306	2 439	1 853	5 581	602	332	2 007	14 215	109	0,77
2023	866	229	309	2 445	1 872	5 644	602	334	2 006	14 307	121	0,85
2024	866	229	312	2 452	1 890	5 708	601	335	2 005	14 398	133	0,93
2025	865	229	314	2 456	1 908	5 768	601	337	2 002	14 480	146	1,02
2026	863	229	316	2 459	1 924	5 826	600	338	1 999	14 554	156	1,08
2027	861	229	318	2 460	1 939	5 878	598	339	1 993	14 615	169	1,17
2028	859	229	321	2 463	1 955	5 936	597	340	1 989	14 689	181	1,25
2029	856	229	323	2 464	1 970	5 989	595	341	1 984	14 751	193	1,33
2030	854	228	325	2 464	1 985	6 040	594	341	1 977	14 808	206	1,41
2031	850	228	326	2 461	1 997	6 085	591	342	1 969	14 849	217	1,48
2032	847	228	328	2 460	2 011	6 136	589	342	1 962	14 903	228	1,55
2033	843	227	330	2 457	2 024	6 181	587	343	1 953	14 945	242	1,65
2034	839	227	331	2 453	2 035	6 223	584	343	1 943	14 978	255	1,73
2035	835	227	333	2 449	2 046	6 265	581	343	1 933	15 012	267	1,81
2036	830	226	334	2 443	2 056	6 302	577	343	1 922	15 033	279	1,89
2037	825	225	335	2 437	2 066	6 340	574	343	1 910	15 055	291	1,97
2038	821	225	336	2 432	2 077	6 382	571	343	1 900	15 087	302	2,04
2039	815	224	337	2 424	2 085	6 415	567	343	1 887	15 097	313	2,12
2040	810	224	339	2 419	2 095	6 453	564	343	1 876	15 123	327	2,21
Endring 2011- 2040	-7 %	-4 %	22 %	2 %	26 %	32 %	-5 %	8 %	-7 %	14 %		

Note: Folketal per 1. januar. Tabellen viser korleis ein vekst i heile Kvinnherad lik SSB sin middelpgnose frå juni 2011 vil fordele seg på dei einskilde områda i Kvinnherad, og korleis summen av prognosane avvik frå den venta veksten for heile kommunen ("over/underprediksjon"). * markerer faktisk folketal, summen i 2011 inkluderer sju innbyggjarar i uoppgeve grunnkrins.

Tabell 10 og figur 20 viser korleis SSB sin middelprognose blir fordelt i forhold til våre beste gjettingar.⁹

Tabell 10 viser korleis vi venter oss at folketalet vil utvikle seg i dei ni områda dersom heile Kvinnherad veks slik SSB ventar i sin middelprognose frå juni 2011 og kvart område får ei utvikling likt med dei einsskildte prognosane. Vi har altså ikkje korrigert for overprediksjonen. I staden viser vi avviket i tabellen. Avviket er minst i 2012 og aukar i snitt med 11,5 personar kvart år. Avviket endrar seg frå ein liten overprediksjon på fire innbyggjarar og 0,03 % til 327 innbyggjarar og 2,21 %.

Fordelinga er òg vist i figur 20. Den gjennomsiktige søyla viser korleis SSB sin middelprognose ventar seg at veksten vil halde fram, og dei farga søylene viser korleis vi ventar oss at folketalet vil bli fordelt mellom områda. Overprediksjonen er markert ved at dei farga søylene går forbi den gjennomsiktige søyla. Figuren viser òg – som tabellen – ei forskyving i den interne fordelinga i kommunen: det er Husnes-Sunde-Valen som får det meste av veksten i Kvinnherad om folketalet utviklar seg likt med utviklinga dei siste 13 åra.



Figur 20: Fordeling av venta folketalsutvikling, 2012-2040, i forhold til vår beste gjetting og SSB M4M4M4M4 (2011)

Note: Figuren viser korleis ein vekst for Kvinnherad lik SSB sin middelprognose (M4M4M4M4) frå juni 2011 vil fordele seg på dei einsskildte områda i Kvinnherad, og korleis summen av prognosane avvik frå den venta veksten for heile kommunen.

⁹ Kontakt forfattar for andre fordelingar.